



Til fredag ettermiddag var det kome inn sju forslag på kandidatnar til Kvinnherad kommune sin kulturpris for 2010 opplyser HusnesNett. Men kulturkonsulent Linda Øen vil venta til over helga før ho kan seia heilt sikkert kor mange kandidatnar som blir med i vurderinga

Kvinnherad kommune sin kulturpris blir gitt til personar etter fortjenestefull, friviljug innsats for kulturlivet i kommunen og/eller for aktivt kulturarbeid over lang tid. Kulturkontoret har invitert folk flest til å koma med skriftlege, grunngevevne forslag og utfyllande oversyn over moglege kandidatar sin innsats for kulturlivet i kommunen.

Komite for oppvekst, kultur og idrett skal vurdere kandidatane på møtet 30. november. Sist kommunen heidra ein person med kulturpris var i 2008. Då var det Kaare Skaala i Rosendal som fekk han. Året før var det Clara Skaala, også frå Rosendal og Sigvald Eik i Uskedalen som vart heidra med kvar sin kulturpris. Broren Bjørgulv Eik fekk prisen så tidleg som i 1987.

Sjølve kulturprisen er ein dråpe i krystall på sokkel. Då prisen vart innført i 1983, var det Kaare Skaala som kom med ideen til utforming. 26 år seinare fekk han altså prisen sjølv. I fjor vart prisen ikkje delt ut etter at politikarane hadde skore kraftig ned på kulturbudsjettet.

Av Kristian Hus